



## SAKSFRAMLEGG

|  |                          |
|--|--------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b> Charlotte Hageberg | <b>Arkivkode:</b> FE-151 |
| <b>Arkivsaksnr:</b> 18/556               | <b>Løpenr:</b> 18/5649   |
| <b>Sakstype:</b> Politisk sak            |                          |

### SAKSGANG

| Styre, utval, komité m.m. | Møtedato   | Saksnr   |
|---------------------------|------------|----------|
| Formannskapet             | 30.08.2018 | 037/2018 |
| Kommunestyret             | 13.09.2018 | 038/2018 |

## Disponering av arv til Samnangerheimen

### 13.09.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

### KS- 038/2018 Vedtak:

Arven som er ei gåve til Samnangerheimen vert disponert ut over ein 8 års periode med 375 000,- kvart år fom 2018. Det kan under spesielle omstendigheiter forskuddterast eit år med max 375 000 kr, evt overførast restbeløp frå eit år til neste dersom midlane ikkje er brukt i inneverande år.

Midlane kan kun brukast til investeringar knytta til Samnangerheimen og ikkje i drifta.

Formannskapet vil bli orientert kvart år om kva midlane har vorte brukt til.

### 30.08.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmann Charlotte Hageberg avklarte på spørsmål frå formannskapet at dersom det eit år blir behov for å bruka meir midlar enn det vedtaksframlegget gir høve til (375.000 kr + forskutting/bruk av overførte midlar på opptil 375.000 kr), vil det bli lagt fram sak for politisk nivå om dette.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### FORM- 037/2018 Vedtak:

Arven som er ei gåve til Samnangerheimen vert disponert ut over ein 8 års periode med 375 000,- kvart år fom 2018. Det kan under spesielle omstendigheiter forskuddterast eit år med max 375 000 kr, evt overførast restbeløp frå eit år til neste dersom midlane ikkje er brukt i inneverande år.

Midlane kan kun brukast til investeringar knytta til Samnangerheimen og ikkje i drifta.

Formannskapet vil bi orientert kvart år om kva midlane har vorte brukt til.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Rådmannen tilrår at arven som er ei gåva til Samnangerheimen vert disponert ut over ein 8 års periode med 375 000,- kvart år fom 2018. Det kan under spesielle omstendigheiter forskuddterast eit år med max 375 000 kr, evt overførast restbeløp frå eit år til neste dersom midlane ikkje er brukt i

inneverande år. Midlane kan kun brukast til investeringar knytta til Samnangerheimen og ikkje i drifta. Formannskapet vil bi orientert kvart år om kva midlane har vorte brukt til. »

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

Skjøte. Testamentet.

**Kva saka gjeld:**

«Samnangerheimen arva eit hus i Arna i 2017 frå Kåre Tverlid, dette vart seld våren 2018 og Samnangerheimen vart sitjande att med ein sum av 3.000.000,-. Denne typen arv kan kun brukast til investering og ikkje i drift. Pengane vert sett inn på eit fond knytta til Samnangerheimen. »

**Vurderingar og konsekvensar:**

«Rådmannen si vurdering er at me bør fordela bruken av arva over fleire år nettopp for å kunna ta større og mindre prosjekt som kjem og ikkje bruka opp arva i ein eingong. Når me no har motteke ei slik arv skal me forvalta den best mogleg slik at den strekk over mange år.

Det vil i åra fremover stadig dukka opp større og mindre prosjekt både i form av nye behov og behov som er styrt av nødvendig vedlikahald og fornying. Dette kan vera alt frå utvendig oppgradering, modernisering av innvendig utstyr og noko endeleg ferdigstilling av heimen som vart nedprioritert i byggeprosjektet.»